



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Tom Dybwad
Telefon: 57643123
E-post: fmsftd@fylkesmannen.no

Vår dato
19.06.2012
Dykkar dato
29.03.2012

Vår referanse
2012/1599 - 450
Dykkar referanse

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Ny heilskapleg verdsarvpolitikk

Vi viser til Miljøverndepartementet sitt brev av 29.03.2012 med oversending av eit framlegg til ny heilskapleg verdsarvpolitikk.


Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ser det som svært positivt at det blir laga ein heilskapleg strategi for å ta vare på verdsarven i Noreg.

Likevel ser vi det som ein føremon om det hadde vore ei eiga st. melding om korleis Noreg skal forvalte verdsarven og verdsarvstadene vi har. Då ville ein også gjennom eit utvida dokument få betre fram kvalitetane ved kvar av Noreg sine verdsarvstader, og kva for utfordringar ein har for den verdsarven Noreg har ansvar for. For naturarvstader, som Vestnorsk fjordlandskap, er det heller ikkje optimalt å vere omtalt som ein del av ei st. melding om kulturminne.

Framlegget om å opprette ei fast interdepartemental ansvarsgruppe for verdsarven i Noreg ser vi som særleg viktig. Gjennom eit slikt grep kan ein sikre ei brei tilnærming til å ta vare på naturarven, fordi mange tunge problemstillingar gjeld mange departement sine fagområde. På denne måten vil ein leggje grunnlaget for at ein får ein god oppfølging av den norske stat sitt samla ansvar sjølv om Miljøverndepartementet har hovudansvaret. Sidan opprettinga av Verdsarvområdet i Vestnorsk fjordlandskap har vi ved fleire høve erfart at ei forsvarleg forvaltning av verdsarven her krev oppfølging frå mange departement, ikkje berre Miljøverndepartementet. Regionalt er våre røynsler at samarbeidet er godt med stor vilje til å finne gode løysingar. Men alle instansar har nasjonale retningslinjer å følgje, og då kan oppfølging av verdsarven frå departement og nasjonale direktorat vere avgjerande.

Gode døme på tunge problemstillingar i Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden som gjeld fleire departement, er landbruk og kulturlandskap, E16 gjennom Nærøydalen, Holmen kraftverk i Jordøla, utskiping av anorthositt, elveforbygging på Styvi, rassikring i Nærøydalen.

Med helsing



Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef



Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi pr. e-post:

Direktoratet for naturforvaltning

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap v/ leiar Marta Finden Halset

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj